

---

**Fra:** Aashild Bjorkum Furukawa <aasfuruk@sky.plala.or.jp>  
**Sendt:** 25. mai 2016 13:09  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** VS: Kloakkarbeid

Ver venleg og formidla dette til nokon som kan ta seg av det.  
Åshild Bjørkum Furukawa

---

**Fra:** Aashild Bjorkum Furukawa [<mailto:aasfuruk@sky.plala.or.jp>]  
**Sendt:** 25. mai 2016 20:02  
**Til:** 'jens.dahl@meland.kommune.no'  
**Emne:** Kloakkarbeid

Til Jens Dahl,  
Meland Kommune

Då eg slo opp på vatn og avløp på kommunen si heimeside, stod du som kontaktperson der, så eg skriv til deg.

Det gjeld det kloakk-arbeidet som føregår rundt huset vårt for tida, på minst tre av fire sider. I Mjåtveitvegen 28 B.

Me har vore så pass mykje vekk-reiste at me kan ha gått glipp av noko informasjon. Eg er framleis i Japan (kjem til Norge 24.juni)

Men Junji er på Frekhaug, og me er svært usikre på kva som går føre seg....Nett i dag då han var heimom ein tur var arbeidsfolk

inne på plassen hjå oss, og tok til seg av straumen vår. Er det vanleg å gjera det slik utan å ta kontakt med dei som bur der, i alle fall

dersom dei er heime? At ein kan koma inn på plassen med reiskap og liknande er vel noko me deler med dei andre naboane

og er ikkje så mykje å sei på, men det kunne vore fint om det vart sagt i frå om kva me kan venta oss. Me lurar også på korleis planen for framdrift i arbeidet er. Kva tid vil dette arbeidet avsluttast? Rundt oss, og i det heile?

Korleis vil såra som er skapt i naturen førast attende og slettast? Då tenkjer me spesielt på området nedover mot sjøen.

Eg vil gjerne ha eit skriftleg svar på dette, men det ville og vore fint om nokon av dykk kunne forklart dette for Junji og, om han stikk opp til dykk ein dag, med blyant og papir, eller kart..

Vonar du kan ta deg tid til dette.

Med helsing,

Åshild Bjørkum Furukawa